

Kommunal- og moderniseringsdepartementet  
Postboks 8112 Dep  
0032 OSLO  
Att:

SAKSHANDSAMAR: KRISTINE SØRLIE

ARKIVKODE: 2015/1568 - ARKIVKODE DATO: 06.03.2015

## NASJONALPARKSTYRET FOR REINHEIMEN - UTTALE - "FORENKLING AV UTMARKSFORVALTNINGEN"

Vi viser til høringsbrev fra Kommunal- og moderniseringsdepartementet datert 15.12.14, og faggrupperapport «Forenkling av utmarksforvaltningen».

Nasjonalparkstyret for Reinheimen er forvaltningsmyndighet for den tredje største nasjonalparken i landet, der hovedmålet med vernet er å ta vare på villreinen sine leveområder. Nasjonalparkstyre diskuterte rapporten i styremøte den 02.03.15, og ønsker å gje merknader til kap 6.4, i rapporten, som gjeld forslaget om etablering av strategiske utmarksstyret.

Reinheimen nasjonalparkstyre er positive til føremålet i fagrapporten om å forenkle utmarksforvaltninga, og til at kommunane skal være sentrale i spørsmål om utmarksforvaltninga. Når det gjeld etablering av strategiske utmarksstyret har nasjonalparkstyre for Reinheimen nokre innvendingar.

Ottadalen villreinområde omfattar store areal som går langt utover nasjonalparkareala i både Reinheimen og Breheimen. I nasjonalparkstyret for Reinheimen er alle kommunane med areal innafor verneområda representert, samt fylkeskommunen og villreinutvalet. Nasjonalparkstyret for Reinheimen meiner at for å gjennomføre forvaltningsoppgåvane på ein tilstrekkeleg god måte, så bør ikkje styrene som skal gjere vedtak vera for store og breie. I den noverande forvaltningsmodellen for verneområdene er det eit viktig demokratisk prinsipp om at alle kommunane med areal i verneområdet er representert i nasjonalpark-/verneområdestyret. Utmarksstyrene skal etter forslaget i rapporten vera breitt samansett, der ulike organ og interessegrupper skal vera representert. Ein struktur med eit breitt samansett styre som skal forvalte mange ulike lovverk og forskrifter, kan bidra til å gjere forvaltninga meir komplisert og uoversiktleg. Opprettinga av utmarksstyret vil kunne svekke den lokale forankringa i kommunane, og snarare bli eit demokratisk problem. Rapporten seier ikkje noko om representasjon og kor mange eit utmarksstyre skal vera samansett av, organiseringa eller geografisk område som styret skal dekke. Nasjonalparkstyret meiner at forslaget om å opprette strategiske utmarksstyret er særleg dårlig utreda.

Vidare vil nasjonalparkstyret understreke at Noreg har eit internasjonalt ansvar for å ta vare på villrein, og det krev god faglig kompetanse å forvalte denne arten. Vi meiner at Ottadalen Villreinnemnd og Ottadalen Villreinutval har spisskompetanse på villrein i vårt område, noko som er nyttig for nasjonalparkforvaltninga i fagleg rådføring før saker vert lagt fram for nasjonalparkstyret.

Nasjonalparkstyret meiner det vil være vanskelig å ivareta villreinkompetansen godt nok med utmarksstyret. Nasjonalparkstyret frykter at utmarksstyret med ansvar for villreinforvaltninga vil føre til at både omsynet til villreinen sitt leveområde, og omsynet til verneverdiane i verneområda vil bli svekka. Ut i frå ei total vurdering meiner nasjonalparkstyret for Reinheimen at både dei statlege villreinnemndene og nasjonalparkstyrene bør oppretthaldast.

Med helsing

Per Magnus Berdal  
Leiar i Nasjonalparkstyret for Reinheimen  
Sign.

Kopi til:

Miljødirektoratet

SNO

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Fylkesmannen i Oppland